



# Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Fylkesmannen i Hordaland - Landbruksavdelinga  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2825 - 14/10919

Saksbehandlar:  
Toril Marie Mulen  
toril.mulen@radoy.kommune.no

Dato:  
06.10.2014

## Søknad om midlar til inspirasjonskonferanse " På skattejakt i Nordhordland" del II

Vi viser til inspirasjonskonferansen «På skattejakt i Nordhordland» som vart skipa på Seim i Lindås 12. januar 2012. Dei som samarbeidde om å skipe til konferansen var Team Nordhordland i samarbeid med felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy og Regionrådet Nordhordland.

Hovudføremålet med å skipe ein inspirasjonskonferanse var at vi vil bu og skape grobotn for næringsutvikling i Nordhordland. Korleis får vi det til? Kva har andre gjort? Kan vi få inspirasjon til å utvikle våre egne idear? Korleis bruke ressursane i bygdene og på gardsbruka våre til trivsel, næringsutvikling og skapelyst?

Målgruppa for konferansen var den gongen nyskaparar, bønder, unge som vil inn i landbruket, næringsutviklarar, politikarar, administrativt tilsette i kommunane og reisemålsutviklarar i Nordhordland. Og vi traff! Vi fekk 130 personar som deltakarar på inspirasjonskonferansen. Det var ordførarar, rådmenn, øvrige politikarar, administrativt tilsette i kommunal sektor, grunderar, folk med idear til næringsutvikling basert på ressursar knytta til bygd og gardsbruk i salen.

Arrangørane med Team Nordhordland i spissen vil no lage ein oppfølgar til konferansen. Vi ynsker skipe til inspirasjonskonferansen «På skattejakt i Nordhordland del II». Vi fekk tilbakemeldingar etter konferansen 12. januar 2012 om at ein slik møteplass er etterspurt. Det var mange som var deltakarar på konferansen som vi ser på som grunderar, men som ikkje ser på seg sjølve som grunderar, og som treng ein slik møteplass og treng «dytt» og inspirasjon for å komme vidare med ideane sine.

Førre gong hyrte vi inn innleiarar utanifrå for å gje inspirasjon til kva andre har fått til. Denne gongen ynskjer vi bruke egne lokale inspirasjonskjelder, vise fram folk som har materialisert ideane og draumane sine til næringsutvikling. Vi har sett av torsdag 19. februar 2015 til dag for inspirasjonskonferansen «På skattejakt i Nordhordland» del II. Denne gongen ynskjer vi være på Sansetunet på Kårbø i Meland kommune hos Jan Atle Tvedt som har bygd opp grindverksløe og er fullbooka åresvis framover for konfirmasjonar – og han brukar lokale råvarer som sin spesialitet. Bygda har få innbyggjarar men høgt tal grunderar som har starta med næring basert på stadeigne ressursar.

I Team Nordhordland jobbar vi no med:

- Identitetsbygging for Nordhordland
- Lokalmat/gardsmat
- Møteplassar for grunderar

Denne konferansen er eit viktig ledd i satsinga vår. Vi er i gang med møteserie for å inspirere og hjelpe fleire til å vidareforedle råvarene sine til gode lokale gardsmatprodukt. Og vi koblar dei som driv resturantar i Nordhordland som ynskjer ha smaken av Nordhordland på menykartet sitt, med dei som ynskjer produsere gardsmat.

Vi har sett opp følgjande budsjett for inspirasjonskonferansen «På skattejakt i Nordhordland del II» 19.02.2015:

Inntekt	Sum	Utgift	Sum
Deltakaravgift 50 pers * 300 kr/pers	15 000	Leige av hus, inkl mat ( 400 kr * 50 pers)	20 000
Team Nordhordland	15 000	Foredragshaldarar inkl reise	20 000
Fylkesmannen i Hordaland	30 000	Blomar/pynt	2 000
Kommunane i Nordhordland	30 000	Kulturelle innslag	4 000
		Design/layout brosjyre/annonsering	10 000
		Div	13 000
	89 000		89 000

Vi søker med dette om midlar til gjennomføring av inspirasjonskonferansen «På skattejakt i Nordhordland del II» kr 30 000 frå Fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdelinga.

Med helsing, på vegne av Team Nordhordland

Toril Marie Mulen  
leiar Felles landbrukskontor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland -  
Landbruksavdelinga

Postboks 7310 5020

BERGEN